

## Nærsamling med strindheim

*Langturar på beina, sykkel og rulleski skøyting, samt rulleskitestar i to ulike variantar stod på planen då sportsleg leiar Ole Thonstad hadde invitert til nærsamling forrige helg.*

Klokka 9 fredag morgon var den fyrste økta på samlinga eit faktum, 6 strindheimløparar samt ein hospitant var klare for blodslit – rekordar skulle setjast, klubbvenninner skulle bli slått. Ikkje overraskande var det den mannlege representanten Håkon Loe som staka seg inn til den beste tida, han var 16 sekund framom beste kvinneløpar, som denne gongen var Marte (den svarte). Resten av jentene kom eit stykke bak Marte, som denne gongen var ein av få løparar som kan seiast å ha levert eit tilfredsstillande resultat. Lena vart nummer to, og syner med det at ho er på veg tilbake etter eit år utan konkurransar.

Etter litt mat og kvile var heile 4 løparar og to trenarar nok ein gong klare for å trenar. No skulle det skøytast. Farten var det ingen ting å seia på og økta vart litt kortare enn planlagt. Hospitant, Magnhild, hadde problem med utsyret, dette resulterte i nokre stopp undervegs.

Den økta det gjerne var minst oppslutning på var rulleskitesten frå Ila til Skistua lørdag morgon. Totalt kom 3 strindheimløparar til mål, to kvinnelege og ein mannleg løpar. I jenteklassen var det ein hospitant som trakk det lengste strået, då Rikke stivna godt og vel halvvegs oppe i lia, kom Marte Monrad Hansen og slo ho med omkring eit halvt minutt. Tidene låg rundt 26:30 og 27:00 på dei to. Marit Ulsund gjennomførte også testen. Andre økt lørdag synte at strindheim sine juniorar er ei gruppe som må strammast opp litt – når det gjeld å komma tidsnok til ei treningsøkt. Truleg var klokka gått 15 min over tida då alle omsider var klare på syklane og me endeleg kunne leggja i veg, på restutisjonstur. Positivt var det likevel at så mange som 7, 8 løparar deltok på økta.

Etterpå vart den gode deltakinga på restutisjonsøkta feira med pizza på Egon. Dette var den hendinga i helga som samla flest deltakarar, kanskje ikkje heilt etter boka, men det sosiale er viktig og ingenting er som eit godt samhald mellom grupperingane i klubben.

Søndag vart samlinga avslutta med ein løpetur i marka med Lena som vegvisar. Denne oppgåva kom ho vel ifrå og etter 3 timar var det ein sliten, men tilfreds gjeng som kunne setja seg i bilane og vinka farvel til kvarandre for denne gongen.

Då vil eg berre få takka Ole, Håkon og Christian for å ha laga til ei bra samling, og så satsar me på litt bedre oppslutning neste gong ;-)

For strindheim

Silje